

Lag ein kampanje retta mot ungdom

De jobbar i eit marknadsføringsbyrå og har fått eit oppdrag frå ein miljøorganisasjon. De skal lage ein kampanje retta mot ungdom der målet er å få dei til å kjøpe mindre nytt.

For å lukkast med dette må de:

- få ungdom til å legge merke til og blir meir fornøgd med det dei allereie har – og bruke dette.
- få ungdom til å vurdere å skaffe det dei treng brukt, altså kjøpe/arve/låne ting som allereie finnast.

Kampanjen må få ungdom om til å tenke at dette er bra for dei sjølve og i tillegg bra for miljø og klima. De må derfor finne gode argument som faktisk kan treffe ungdom.

Kampanjen skal:

1. Ha eit tydeleg budskap
2. Vise kvifor dette er smart for ungdom
3. Innehalde eitt konkret grep som unge kan gjere (t.d. sjekke kva dei har, kome på kva dei set pris på med det dei har, alltid vente før kjøpe, sjekke om det finnast brukt og bra.)
4. Vere realistisk. Kva argument vil ungdom lytte til? Kven vil dei lytte til? Kva kan vere attraktivt og verdifullt for ungdom – og dermed skape motivasjon?

De kan velje ein eller fleire formar:

Kort video (t.d. TikTok/Reels), digital plakat, kampanjenamn og slagord, challenge eller trend. Og bruk gjerne også kunnskapen om algoritmar frå nett-timen.